

Luster kommune

Saksnr.:	Utval	Møtedato
135/12	Formannskapet og næringsutvalet	19.09.2012
69/12	Kommunestyret	27.09.2012

Forvaltningsplan Ornes.

Arkivsak:
09/664

Sakshandsamar:
Arne Ingjald Lerum

Arkivkode:
143 L

Rådmannen si tilråding:

Luster kommunestyre viser til framlegg til forvaltningsplan for områda rundt Ornes stavkyrkje.

Luster kommune sluttar seg, med unntak av det som er nemnt nedanfor, til forvaltningsplanen.

Luster kommune vil nytte planen som grunnlag for arbeidet med å sikre verdsarvsobjektet Ornes stavkyrkje, og å utvikle området knytt til stavkyrkja med tanke på å ivareta heilskapen i området.

Kommunestyret vil ikkje tilrå at det blir sett i verk vesentleg tiltak knytte til veg/trafikk før det er utarbeidd ein trafikkanalyse som grunnlag for framtidige trafikkløysingar, parkering m.m., for aksen Galden – Solvorn - Ornes – Skjolden.

Formannskapet og næringsutvalet 19.09.2012

Sak : 135/12

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Luster kommunestyre viser til framlegg til forvaltningsplan for områda rundt Ornes stavkyrkje.

Luster kommune sluttar seg, med unntak av det som er nemnt nedanfor, til forvaltningsplanen.

Luster kommune vil nytte planen som grunnlag for arbeidet med å sikre verdsarvsobjektet Ornes stavkyrkje, og å utvikle området knytt til stavkyrkja med tanke på å ivareta heilskapen i området.

Kommunestyret vil ikkje tilrå at det blir sett i verk vesentleg tiltak knytte til veg/trafikk før det er utarbeidd ein trafikkanalyse som grunnlag for framtidige trafikkløysingar, parkering m.m., for aksen Galden – Solvorn - Ornes – Skjolden.

Kommunestyret

27.09.2012

Sak : 69/12

Handsaming:

Framlegg frå SP, Krf, Frp, V og H v/ Terje Bakke Nævdal:

Luster kommunestyre viser til framlegg til forvaltningsplan for områda rundt Ornes stavkyrkje.

Ornes stavkyrkje og området rundt er eit nasjonalt fortidsminne, der kommunen forventar at staten ved Riksantikvaren sikrar ønska utvikling.

Luster kommune er positiv til å sikre området etter plan og bygningslova i samsvar med plan. Tiltak som krev investeringar eller tilskot vil kommunen vurdere ut frå prinsippet om spleiselag der Riksantikvaren og fylkeskommunen deltek med ein vesentleg del av dei økonomiske kostnadene.

Kommunestyret vil ikkje tilrå at det blir sett i verk vesentleg tiltak knytte til veg/trafikk før det er utarbeidd ein trafikkanalyse som grunnlag for framtidige trafikkløysingar, parkering m.m., for aksen Galden – Solvorn - Ornes – Skjolden

Framlegget frå SP, Krf, Frp, V og H vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Luster kommunestyre viser til framlegg til forvaltningsplan for områda rundt Ornes stavkyrkje.

Ornes stavkyrkje og området rundt er eit nasjonalt fortidsminne, der kommunen forventar at staten ved Riksantikvaren sikrar ønska utvikling.

Luster kommune er positiv til å sikre området etter plan og bygningslova i samsvar med plan. Tiltak som krev investeringar eller tilskot vil kommunen vurdere ut frå prinsippet om spleiselag der Riksantikvaren og fylkeskommunen deltek med ein vesentleg del av dei økonomiske kostnadene.

Kommunestyret vil ikkje tilrå at det blir sett i verk vesentleg tiltak knytte til veg/trafikk før det er utarbeidd ein trafikkanalyse som grunnlag for framtidige trafikkløysingar, parkering m.m., for aksen Galden – Solvorn - Ornes – Skjolden.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: 1. **Forvaltningsplan for Ornes, del 1 og 2. Grunnlagsdokument 2012.**
2. **Forvaltningsplan for Ornes, del 3. Handlingsdel 2012.**

Uprenta vedlegg: **Fagrapport Ornes, dat. 27.03.2009.**

Samandrag:

Riksantikvaren (RA) gav i 2007 Sogn og Fjordane Fylkeskommune i oppdrag å utarbeida ein forvaltningsplan for buffersona til verdsarven Ornes stavkyrkje. Føremålet med forvaltningsplanen er å bidra til å ivareta Ornes stavkyrkje som verdsarvobjekt, og styrke lokalsamfunnet sin rolle som verdsarvforvaltar på Ornes. Aurland Naturverkstad utarbeidde i 2008/2009 ein fagrapport som er grunnlag for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen som ligg føre er utarbeidd av planavdelinga i fylkeskommunen. Planen er ikkje heimla i lov eller regelverk. Luster kommune har vore representert i arbeidsgruppa og styringsgruppa som siste tida har hatt ansvar for utarbeiding av plandokumentet. Unesco har krav til at det skal utarbeidast forvaltningsplan for sjølve verdsarven, dette planarbeidet skal utførast av Riksantikvaren, og vere ferdig innan utgangen av 2013 .

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret.

Fakta:

Ved E-post av 10.09.2012 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, har Luster kommune motteke framlegg til forvaltningsplan for Ornes.

Bakgrunn.

Generelt.

Noreg har i dag sju objekt eller område på Unesco (FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon.) si verdsarvliste. Ornes stavkyrkje er eit av desse objekta. Retningslinjene for gjennomføring av verdsarvkonvensjonen krev at det ligg føre ein klår forvaltningsplan for å ivareta verdsarvobjekta. Verdsarvobjektet på Ornes omfattar stavkyrkja, mellomalderkyrkjegarden og ei sikringssone som strekkjer seg 5 m utanfor kyrkjegardsmuren. Riksantikvaren er ansvarleg for å utarbeide forvaltningsplan for sjølve verdsarvobjektet, denne planen skal vere ferdig innan utgangen av 2013.

Verdsarvobjektet Ornes stavkyrkje er ein del av ein heilskap saman med kulturlandskap og andre kulturminne på Ornes. Det er viktig at denne heilskapen blir ivareteken også i framtida. I Miljøverndepartementet sitt framlegg av mars 2012 til "Ny helhetlig verdensarvpolitikk", tilrår departementet at behovet for buffersoner blir vurdert som eit ledd i arbeidet med forvaltningsplan for verdsarvobjektet. Eventuelle buffersoner bør innarbeidast i kommunen sine arealplanar etter plan- og bygningslova.

Ornes.

Riksantikvaren gav i 2007 Sogn og Fjordane fylkeskommune i oppdrag å utarbeide ein forvaltningsplan for området rundt verdsarvobjektet Ornes stavkyrkje. Oppdraget frå Riksantikvaren var ikkje klart definert.

Luster kommune tok i oppstartsfasen til orde for at planen burde fremjast og heimlast som ein tematisk kommunedelplan, planarbeidet vart teke inn i det kommunale planleggingsprogrammet frå 2009.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune gav i 2007 Aurland Naturverkstad AS i oppdrag å utarbeide ein fagrapport som grunnlag for planarbeidet. Fagrapporten var ferdig i juli 2009.

På bakgrunn av fagrapporten har fylkeskommunen no utarbeidd eit framlegg til forvaltningsplan for områda rundt stavkyrkja på Ornes.

Planen blir no fremja som eit plandokument som ikkje har nokon formell status, men som skal vere rettleiande for fylkeskommunalt og kommunalt plan- og utviklingsarbeid knytt til området rundt verdsarvminnet Urnes stavkyrkje.

Plansituasjon i dag.

Kommuneplanen

Gjeldande samfunnsdel av kommuneplanen er frå 2007. Her er det sett opp som mål at ein skal utnytte kultur som potensiale for næringsaktivitet. Urnes stavkyrkje/verdsarvobjekt er ikkje nemnt spesielt.

Urnesprosjektet.

I åra 2007 – 2008 vart det gjennomført eit bygdeutviklingsprosjekt "Urnesprosjektet". Hovudføremålet med prosjektet var å utvikle Ornes og grendene i kring med målsetjing om å halde opp folketalet, det omfatta også tiltak for skjøtsel av kulturlandskapet på Ornes. Urnesprosjektet var finansiert av fylkeskommunen, fylkesmannen, Riksantikvaren og Luster kommune.

Reguleringsplan for Ornes.

Luster kommunestyre vedtok i april 1997 ein reguleringsplan som omfatta heile Ornes.

Føremålet med planen vart definert slik:

"Føremålet med reguleringsplanen er å sikre Urnes stavkyrkje verdige og vakre tilkomsttilhøve og omgjevnader - i eit aktivt jordbrukslandskap. Planen er ikkje til hinder for tradisjonell landbruksdrift."

Heile Ornes er regulert til spesialområde. For adkomstområda ved ferjekaien og nærområdet til stavkyrkja er det sett strengare og meir detaljerte krav til utforming av tiltak enn i resten av planområdet.

Ved vedtak arealdel av kommuneplanen i desember 2008, vart reguleringsplanen framleis gjort gjeldande.

Planframlegget.

Plandokumentet er delt i 3 delar. Del 1 og 2 utgjer grunnlagsdokumentet for handlingsdelen, del 3. I del 1 er føremålet med planen definert slik:

"Føremålet med forvaltningsplanen er å bidra til å ivareta Urnes stavkyrkje som verdsarvobjekt, og styrke lokalsamfunnet sin rolle som verdsarvforvaltar på Ornes. Planen skal trekkja opp rammer for korleis området rundt kyrkja kan utvikle seg. Planen skal og gje retningslinjer for korleis Urnes stavkyrkje og Ornes kan vera ein ressurs for forskning/kunnskap, næringsutvikling, oppleving og formidling både på kort og lang sikt."

Prosess.

Planframlegget er utarbeidd av fylkeskommunen v/plan- og samfunn.

Arbeidet har vore leia av ei administrativ styringsgruppe og ei arbeidsgruppe.

Formannskapet oppnemnde i møte 18.04.2012 seniorkonsulent Erling Bjørnetun og plansjef Arne Ingjald Lerum som Luster kommune sine medlemmer i styringsgruppa.

Kommuneplanleggjar Torunn Løne Vinje har vore Luster kommune sin representant i arbeidsgruppa.

Styringsgruppa har hatt 3 møte.

Det er lagt opp til slik vidare framdriftsplan:

27.09 – Luster Kommunestyret - vedtak

24.10 – Hovudutval for kultur (fylkeskommunen) - tilråd

07. 11- Fylkesutvalet – vedtak

Vurdering:

I avsnitt 2.9 i grunnlagsdokumentet er det kartfesta eit framlegg til buffersone. Buffersona omfattar heile landskapsrommet som er synleg frå Ornes.

For Luster kommune er det elles del 3, handlingsdelen, som utgjer det vesentlege av denne planen.

Handlingsdelen tek føre seg i 9 ulike tema, med tilknytte målsetjingar:

- Verdiar i landskapet
- Samfunnsrom og møtestader
- Kulturlandskapet
- Kulturminne
- Lokalsamfunn
- Næringsliv og verksemder
- Samferdsle og infrastruktur
- Verknadsområde
- Organisatoriske tiltak

For kvart av desse områda er det sett opp tabellar med ei rekkje føremål, tiltak og tidsrammer, og kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka. Rådmannen vurderer dei fleste av tiltaka til å vere av positiv karakter og lite kontroversielle.

Det er t.d. lagt opp til at kommunen/fylkeskommunen/fylkesmannen skal betre rettleiingstenesta knytt til skjøtsel av landskap, bygningsmiljø og kulturminne. Nokre mål, t.d. å oppretthalde tal gardsbruk og heilårsbustader, er avhengig av overordna rammevilkår for landbruksdrift/næringsliv, dette er rammevilkår som kommunen/fylkeskommunen i liten grad er herre over.

I handlingsdelen er det lagt opp til at ny verdsarvpolitikk fører til oppretting av stilling som verdsarvkoordinator for Ornes stavkyrkje. Det er føresett at verdsarvkoordinatoren skal vere ansvarleg for kompetanseutvikling/næringsutvikling knytt til verdsarven.

Organisering og tilrettelegging av trafikk til og frå Ornes må sjåast i ein større samanheng. Betring av parkeringstilhøva i Solvorn for ferjepassasjerar kan t.d. vere eit kontroversielt tiltak. Diskusjonen om dette vil også kome opp i samband med handsaming av kommunen sin forvaltningsplan for Solvorn, denne planen har lege ute til offentleg ettersyn i sommar. Ettersom Luster kommune er forvaltar av plan- og bygningslova, er kommunen sett opp som ansvarleg for tiltak som krev løyve etter reglane i denne lova. Det same gjeld det som er knytt til forvaltning av jordlova.

Handlingsdelen inneheld elles framlegg til ei rekkje tiltak innafor det som må kallast generell bygdeutvikling. Dei fleste av tiltaka vil krevje økonomiske utteljingar/anna innsats frå kommune si side. Fleire av tiltaka er elles av same karakter som dei som vart gjennomførte i "Ornesprosjektet"


Tiltak som Luster kommune skal vere ansvarleg for, kan først gjennomførast etter at dei er innarbeidde i kommuneplan/økonomiplan/budsjett. I slik samanheng må forvaltningsplanen sjåast på som eit innspel til kommunalt plan- og budsjettarbeid.

Ei buffersone m/føresegner, må t.d. formaliserast som omsynssone i arealdelen av kommuneplanen.

Eit vedtak i tilknytning til forvaltningsplanen må ta utgangspunkt i dette.

Dato: 11.09.2012


Jarle Skartun
rådmann


Arne Ingjald Lerum
plansjef

Særutskrift skal sendast:

Riksantikvaren

m/kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fortidsminneforeninga – Sogn og Fjordane avd

Særutskrift skal sendast:

m/kopi til: